

# Kystsoge vekene 2008

9. august til 14. september

***The Tall Ships' Races 2008* er ei flott ramme kring opninga av *Kystsogevekene 2008*, men dette er berre startskotet, for når seglskutene forlet Bergen er det enda fem veker i kystkulturens teikn - 20 kommunar skipar store og små arrangement i den store kystkulturmønstringa *Kystsogevekene*.**

**Få med deg yrande folkeliv, konsertar, marknader, utstillingar, kulturvandringar, båtturar og aktivitetar.**

**Startskotet går  
Lørdag 9. august  
kl 12.00 på scena  
på Bryggen**

Minisjantifantane, sjarmerande unggutar frå Sunnhordland sparkar det heile i gong med kraftfull sjantisong. Det vert velkomsttaler ved byråd Warloe og Styreleiar i Stiftinga Kystsogevekene Bjørn Myhren, medan Anne-Grete Støm-Eriksen vil stå for sjølve opninga.

Av musikalske innslag får vi fengande flott musikk frå Orknøyane med Saltyfishforty og Orkney SongShop og Kevin Henderson frå Shetland. Vi får også ei spesiell vri på den

tradisjonsrike låten til kysttrubaduren Johannes Kleppevik – Oldefar. Denne gongen som tramp og trall hip hop i rapparen GEST sin versjon Oldefars oldebarn.

Til slutt får vi høyre meir frå våre gjestar frå Orknøyane og Shetland med vakre tonar og fengande rytmar frå Saltfishfourty, Orkney SongShop og Kevin Henderson.

[www.kystsogevekene.no](http://www.kystsogevekene.no)

